

Stad Skipstunnel på TV2



Denne veka har TV2 vore på Stad for å lage ein reportasje om planane rundt skipstunnelen. I tillegg vil dei intervjuje kapteinen om bord i hurtigruteskipet Trollfjord, Programmet skal visast på Magasinet som kjem rett etter nyheits-sendinga kl 18:30 førstkomande laurdag (14. jan).

Ordførar Jan Helgøy synes det er svært positivt at prosjektet vert presentert i beste sendetid på ein riksdekkande kanal.

- Vi er no inne i ei viktig fase, og det er veldig positivt at vi får presentere tunnelprosjektet gjennom media, seier Helgøy som sjølv var til stades under deler av filmopptaka på Stad.